




Normalvedtekter for **Samvirkelag**

2017
Nynorsk




Organisasjon

Lag med ope årsmøte



Organisasjon med enten/eller

Kretsinnndelte lag | Regioninnndelte lag



Vedtekter for

Coop SA

Vedtekne på årsmøte den

og som grunnlag for medlemskapen i Coop Norge SA
(heretter «Coop Norge»).

Innhald

	Side
<i>Normalvedtekter for Samvirkelag</i>	5
§ 1 Samvirkeprinsippa	5
§ 2 Føremål	5
§ 3 Ansvar, rolle og forretningskontor	6
§ 4 Medlemmer	6
§ 5 Samvirkelaga sine rettar og plikter i forhold til Coop Norge	7
§ 6 Andels- og låneinnskot	11
§ 7 Utmelding – Tilbakebetaling av innskot, etterbetaling, kjøpeutbytte o.l.	12
§ 8 Stemmerett	13
§ 9 Valbarheit	13
§ 10 Laget sine organ	15
§ 11 A For samvirkelag med kretsar (Gjeld ikkje lag med regionråd) ...	15
§ 11 B Samvirkelag med regionråd (Gjeld ikkje lag med kretsar)	18
§ 12 Årsmøte med valde representantar	18
§ 13 Oppgåvene til årsmøtet	20
§ 14 Ope årsmøte	21
§ 15 Samansettinga av styret	22
§ 16 Styret og styreleiaren	24
§ 17 Styret sitt ansvar	25
§ 18 Dagleg leiar sitt ansvar	27
§ 19 Revisor	27
§ 20 Årsmelding og årsrekneskap	28
§ 21 Protokollføring og avstemmingsreglar	29
§ 22 Inhabilitet	29
§ 23 Teieplikt	29
§ 24 Plassering av midlane til laget	30
§ 25 Klager	30
§ 26 Skiltsdom (voldgift)	30
§ 27 Vedtektsendringar	31
§ 28 Fusjon	31
§ 29 Oppløysing	32

Vedlegg:

<i>Valreglar – val i butikk/elektronisk val vedteke av Årsmøtet Coop Norge SA 2013 med endring i 2016</i>	33
---	----

Normalvedtekter for samvirkelag.

Vedtekne på generalforsamlinga i Norges kooperative Landsforening 1908 med endringar på generalforsamlinga 1912 og seinare endringar på NKL. Kongressane i 1919, 1927, 1948, 1962, 1971, 1974, 1983 og 1986 og på Landsmøta i 1992, 1995, 1996, 1999 og 2003 og i Representantskapet Coop NKL 2005 og 2009 og på Årsmøtet Coop Norge i 2012, 2013, 2016 og 2017.

Normalvedtekter for samvirkelag

§ 1 Samvirkeprinsippa

Coop SA er eit samvirkeføretak for forbrukarar med vekslande medlemstal og vekslande andelskapital. Samvirkelaget bygger verksemda si på samvirkeprinsippa.

- Alle som er einige i føremålet til laget og godtek laget sine vedtekter har rett til å bli medlem mot å betale det fastsette andelsinnskotet.
- Laget blir leia etter demokratiske reglar og er partipolitisk nøytralt. Ikkje noko medlem har meir enn ei stemme.
- Laget sitt overskot, den delen som ikkje blir nytta til felles gode, eller blir sett av for å styrke laget, blir fordelt etter kjøpet til dei enkelte medlemmane. Renta på andelsinnskotet er avgrensa.
- Laget gir informasjon om og opplæring i kooperativ verksemd og fremjer samarbeidet med andre samvirkeorganisasjonar, lokalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Laget arbeider for ei berekraftig utvikling etter retningslinjer vedtekne av medlemmene.

§ 2 Føremål

Samvirkelaget sitt føremål er å forsyne medlemmene med gode og tenlege varer og tenester til konkurransedyktig pris og kvalitet.

Samvirkelaget skal vidare tene som ein interesseorganisasjon der medlemmene gjennom deltaking med dei valde organa tek vare på interessene sine som forbrukarar. Medlemmene er medeigarar i laget med dei rettar, avgrensingar og plikter som følgjer av vedtektene.

Samvirkelaga skal utøve aktivt eigarskap i Coop Norge.

§ 3 Ansvar, rolle og forretningskontor

1. Samvirkelaget skal innrette verksemda si på ein effektiv og rasjonell måte til beste for medlemmene. Laget skal drivast slik at alle kostnader blir dekte og det blir skapt nødvendig overskot til å styrke eigenkapitalen og gi grunnlag for etterbetaling til medlemmene.
2. Samvirkelaget skal informere om kor viktig det er med sparing og oppfordre medlemmene til å sette sparepengane sine inn som låneinnskot for å gjere laget økonomisk uavhengig, og forvalte slike låneinnskot på ein trygg måte med sikte på å styrke og utvikle verksemda.
3. Laget har forretningskontor i kommune.

§ 4 Medlemmer

1. Den som er einig i føremålet til laget og godtek laget sine vedtekter, kan bli medlem. Søkaren fyller ut innmeldingsskjema og får tildelt medlemsbevis. Medlemmene er medeigarar i laget med dei rettar, avgrensingar og plikter som følgjer av vedtektene.
2. Selskap, foreiningar og stiftingar, like eins kommunar og andre offentlige innretningar kan bli medlemmer på same vilkår som er nemnt i nr 1, men representantane for desse har ikkje stemmerett og kan heller ikkje veljast til tillitsverv.
3. Styret kan avslå søknader om medlemskap og stenge ute medlemmer som på grunn av stilling, oppførsel eller andre forhold gjer at medlemskapen kan skade laget. Butikkjuveri er utestengingsgrunn. Ein medlem som er utstengt som følgje av vesentlege brot på medlemspliktene sine kan etter nærare avgjerd av styret nektast rett til etterbetaling/kjøpeutbytte som ikkje er avrekna.
4. Det er ikkje høve til å teikne felles medlemskap.
5. Medlemmer som ønskjer å melde seg ut, må gi skriftleg melding om dette til laget.

6. Laget skal føre medlemsregister, som kan vere elektronisk. Medlemsregisteret skal innehalde namnet til medlemmen, adresse og fødselsnummer (elleve siffer) eventuelt fødselsnummer. Vidare skal tillitsverv gå fram av medlemsregisteret. Medlemmene pliktar å melde adresseendring til laget.
7. Laget skal ha rutinar for registrering av det einskilde medlems samla kjøp gjennom året. Etterbetaling/kjøpeutbytte til medlemmene blir registrert i eige samvirkelag.

§ 5 Samvirkelaga sine rettar og plikter i forhold til Coop Norge

1. Laget er medlem og medeigar av Coop Norge med dei rettar og plikter som følgjer av dette. Både Coop Norge og samvirkelaget skal arbeide for å oppnå eit godt og tillitsfullt samarbeid til beste for medlemmene i laget.
2. Rettane til laget:
 - a) Coop Norge sitt overskot, den delen som ikkje blir nytta til felles gode eller blir sett av for å styrke Coop Norge, blir fordelt etter det enkelte samvirkelag sine kjøp.
 - b) Laget deltek gjennom organa i Coop Norge, og har såleis påverknad på hovudprinsippa for verksemda i Coop Norge.
 - c) Laget skal på forespurnad få nødvendig råd og rettleiing frå Coop Norge til å utvikle forretningsdrifta si. Dette omfattar råd og rettleiing i drifts-, investerings- og finansieringsspørsmål, og eventuell medverknad til ein gjennomgang og ei evaluering av laget si totale verksemd, eller utvalde delar av ho.
 - d) Laget har rett til å delta i dei butikkjedene som er baserte på Coop sine butikkprofilar. Dette føreset at laget oppfyller dei krava konsept og kjeda stiller til slik deltaking og at laget inngår avtale med Coop Norge om dette.
 - e) Laget skal ha del i dei føremoner som blir skapte når Coop Norge på vegner av laga inngår avtalar med leverandørar av varer og tenester.
 - f) Laget skal få nødvendig råd- og rettleiing til å vidareutvikle det økonomiske demokratiet, finne fram til konkrete medlemsfordelar og å drive ein aktiv miljøpolitikk.
 - g) Normalt vil laga bli belasta for råd og rettleiing som blir gjeve i samsvar med bokstavane c og f.

3. Laget pliktar:

- a) Å drive verksemda si i nært samarbeid med Coop Norge for å styrke Coop i alle ledd.
- b) Å innrette varesortimentet sitt etter dei hovudavtalar Coop Norge inngår på vegner av laget og elles dekkje vare- og tenestebehovet sitt gjennom Coop Norge, så langt Coop Norge etter ei samla vurdering er konkurransedyktig. Vidare skal laget følgje dei avtalar, system og rutinar som blir nytta i samarbeidet mellom samvirkelaga og Coop Norge.
- c) Å dekkje andelsinnskotet i Coop Norge i samsvar med dei reglane som til ei kvar tid er fastsette i vedtektene for Coop Norge.
- d) Å innrette rekneskapsførselen sin og revisjonen sin etter dei reglane lovgivinga til ei kvar tid fastset og i samsvar med dei påbod og instruksar som Coop Norge gir.
- e) Å la verksemda si bli kontrollert av Coop Norge og sette i verk dei kontrolltiltak Coop Norge bestemmer; også å medverke til ein gjennomgang og ei evaluering av laget si totale verksemd, eller utvalde delar av henne.
- f) Å ha innhenta garanti frå Samvirkelagenes Garantifond A/L dersom laget skal ta imot låneinnskot frå medlemmene.
- g) Omgåande å sende Coop Norge avskrift av eitkvart rekneskapsoppgjær med tilhøyrande balanse og årsmelding, alle rapportar og opplysningar Coop Norge ber om og melding om vedtektsendringar. Vedtektsendringar gjeld frå dei er godkjende av Styret Coop Norge.
- h) Elles gjeld som ein del av laget sine vedtekter dei vilkåra for medlemskap som Årsmøtet Coop Norge til ei kvar tid fastset.
- i) Å søke råd hos Coop Norge når årsresultatet fråtrekt eventuelt etterbetaling er negativt, laget har svak likviditet, eller i det siste rekneskapsåret har hatt negativ resultatutvikling som over tid må reknast å føre til risiko for tap av betydelege balanseverdier. Styret pliktar i slike høve å sette i verk tiltak som kan betre drifta av laget, og legge fram tiltaksplanen for Coop Norge.

4. Samvirkeleg som mottar låneinnskot frå medlemmene pliktar å legge fram for Coop Norge til godkjenning avgjerder:

- a) om investeringar som overstig 10 % av siste års balansesum når den bokførte eller verdijusterte eigenkapitalen i laget er under 20 % av balansesummen, eller som fører til at den bokførte eller verdijusterte eigenkapitalen i laget kjem under 20 % av balansesummen.
- b) om heilt eller delvis å overføre laget sine eigedommar til eige dotterselskap.
- c) om sal eller pantsetting av eigedommar eller laget sine aksjar / andelar i eigedomsselskap.

Avgjerder om sal etter bokstav c utløyser kjøpsrett for Coop Norge. Om ikkje Coop Norge innan 14 dagar frå skriftleg melding er motteken, har varsla at kjøpsretten vil bli brukt, nekta å gi samtykke etter bokstav a og b, eller bede om tilleggsopplysingar, kan avgjerda setjast i verk. Dersom Coop Norge har bede om tilleggsopplysingar, gjeld ny 14 dagars frist frå desse er mottekne.

Kjøpsretten inneber rett for Coop Norge til å overta eigedommen (-ane)/aksjen (-ane)/andelen (-ane) til marknadsvilkår. Dersom partane ikkje blir einige om pris og vilkåra elles, blir vilkåra fastsette ved skilddom. Kvar av partane oppnemner eitt medlem, og desse oppnemner leiaren for skilddomsretten. Om desse ikkje blir einige blir leiaren for skilddomsretten utnemnd av ordførar i Årsmøtet Coop Norge.

Når det elles er innleia formelle forhandlingar mellom Coop Norge og samvirkelag om kjøp/sal av fast eigedom/aksjar/andelar i eigedomselskap, men partane ikkje blir einige om vilkåra, kan kvar av partane krevje at desse blir fastsette ved skilddom som nemnt ovanfor i dette punktet. Partane er i så fall forplikta til å avvente avgjerda i skilddomsretten. Skilddomsretten si fastsetjing av marknadsvilkåra er endeleg. Om seljande part ønskjer å selje, er vedkommande i tilfelle først forplikta til å tilby den andre parten å kjøpe til dei vilkåra som skilddomsretten har fastsett. Tilbodet må gis med minst tre vekers akseptfrist. Blir tilbodet ikkje godteke kan den seljande parten fritt selje til tredjemann, så sant prisen og vilkåra elles er minst like gode som det som skilddomsretten fastsette. Ved eventuelt sal til lågare pris/dårlegare vilkår, har den andre parten forkjøpsrett med tre veker frist til å gå inn på tredjemanns vilkår. Når det er gått to år frå skilddomsretten si avgjerd, kan eigedommen fritt seljast utan omsyn til reglane i dette punktet.

5. Dersom samvirkelaget bryt med ei eller fleire av dei pliktene som er nemnde i denne paragrafen, kan Styret Coop Norge heilt eller delvis halde tilbake, eventuelt ta frå laget etterbetaling, kjøpeutbytte og/eller andre økonomiske fordelar. Det same gjeld lag som bryt inngåtte avtalar eller opptre i strid med eigne vedtekter eller vedtekter for Coop Norge. Styret Coop Norge kan delegere myndigheita si etter dette punktet til administrerande direktør Coop Norge, men då slik at avgjerdene hans kan bringast inn for styret etter klage. Ved eventuell delegering av myndigheit skal styret utarbeide retningslinjer for saksbehandlninga og kan eventuelt fastsette grenser for høve til å klage. Styret Coop Norge

kan ved vesentlege brot på ei eller fleire av dei same pliktene utestenge laget frå medlemskap i Coop Norge.

Avgjerd om å stenge ute eit lag kan av laget det gjeld bringast inn for Årsmøtet Coop Norge til endeleg avgjerd.

6. Når eit samvirkelag og Coop Norge inngår drifts- og samarbeidsavtale eller Coop Norge yt lån, ansvarleg lån og/eller stiller garanti til fordel for laget, kan det avtalast at Coop Norge på fritt grunnlag oppnemner to medlemmer av styret i laget – der den eine eventuelt blir styreleiar. Slik avtale må godkjennast av årsmøtet i laget. Godkjenning krev tilslutning frå meir enn halvparten av dei stemmene som er avgitt.
7. Styret Coop Norge kan, dersom det ligg føre særlege grunnar, krevje at styret innkallar til ordinært/ekstraordinært årsmøte der ein representant for Coop Norge har rett til å vere til stades med tale- og forslagsrett.
8. I lag som har negativt resultat eller negativ resultatutvikling, som over tid kan føre med seg risiko for tap av betydelege balanseverdier, har Styret Coop Norge, etter å ha rådført seg med laget, rett til på fritt grunnlag å peike ut ein observatør til styret i samvirkelaget. Observatøren har møte-, forslags- og talerett, men ikkje stemmerett. Så snart det er peika ut observatør, skal gjenpart av innkallingar til og protokollar frå styremøtet i laget sendast vedkomande.
9. I lag der eigenkapitalen er under 20 % av balansesummen eller der gjennomgang viser at verdijustert eigenkapital er under 20 % av balansesummen, kan Styret Coop Norge på fritt grunnlag, etter å ha rådført seg med laget, krevje å få utpeike fleire medlemmer til styret, men færre enn halvparten av dei årsmøtevalde styremedlemmene. Dei utpeika blir med i styret i samband med at det blir halde (ekstraordinært) årsmøte. Talet på styremedlemmer og samansetjinga av styret blir som før avgjort av § 15.
10. Opphøyr av medlemskap i Coop Norge.
Lag kan melde seg ut av Coop Norge når vedtak blir gjort med 2/3 fleirtal i to på kvarandre følgjande ordinære årsmøte med minst 11 månaders mellomrom. Desse reglar gjeld ikkje når laget blir løyst opp eller fusjonerer med eit anna lag som er medlem av Coop Norge.

For lag som har ein omsetnad på som overstig NOK 1 milliard eks. mva., skal utmelding skje med minst 24 månaders frist.

Lag som vil fremje forslag om utmelding, plikter å varsle Coop Norge skriftleg om dette i rimeleg tid før årsmøte blir halde der utmelding står på dagsorden. Coop Norge har rett til å delta i eit slikt årsmøte med talerett. Slikt varsel er eit vilkår for gyldig utmelding.

Elles gjeld reglane for opphøyr av medlemskap i Coop Norge sine vedtekter § 7 slik dei måtte vere til ei kvar tid.

§ 6 Andels- og låneinnskot

1. Kvar medlem hefter for kr. 300,- som er andelsinnskotet. Beløpet blir innbetalt ved innmeldinga. Andelsinnskotet kan ikkje overdragast. Renter av andelsinnskot blir godskrive medlemmene, men berre når overskotet tillet det.
2. Renter av andelsinnskot, etterbetaling, kjøpeutbytte og medlemsrabattar blir godskrivne medlemmene som låneinnskot.
3. Låneinnskotet forrentast med dei rentesatsane som styret til ei kvar tid fastset. Rentesatsen skal vere godkjent av Samvirkelagenes Garantifond A/L før dei blir gjort gjeldande for innskota. Renter blir lagde til ved slutten av året og blir rekna frå og med dagen etter at beløpet er sett inn og til og med dagen beløpet blir teke ut.
Laget kan slutte å forrente låneinnskot som har stått udisponert og ikkje blitt godskrive etterbetaling, kjøpeutbytte eller rabattar i rekneskapen til laget, eller i kontoutskrift sendt til medlemmen dei siste ti åra. Dette om laget har sendt melding ved rekommandert brev til sist kjende adresse til medlemmen eller arvingane. Meldinga må opplyse om at fristen for å bli forelda byrjar å gjelde frå meldinga, at fristen for å bli forelda er 20 år og at fristen blir avbroten dersom fordringshavar melder seg for laget eller at kontoen blir disponert ved uttak eller kreditering som tilføring av etterbetaling, kjøpeutbytte eller rabattar.
4. Laget kan halde tilbake eller motrekne forfalne fordringar på den enkelte medlem i vedkommande sitt låneinnskot dersom det gjeldande kravet heng saman med rammeavtalen, eller dersom kravet har oppstått

som følgje av eit straffbart forhold. Ved utmelding (sjå § 7) kan tilbakehaldsrett eller motrekning skje både i andels- og låneinnskot.

5. I balansen skal andels- og låneinnskot førast opp kvar for seg.

§ 7 Utmelding - Tilbakebetaling av innskot, etterbetaling, kjøpeutbytte o.l.

1. Andelsinnskotet blir tilbakebetalt når ein medlem melder seg ut. Styret kan i ekstraordinære situasjonar sette denne regelen ut av kraft. Ved dødsfall tilbakebetalast andelsinnskotet etter varsel frå arvingane eller frå dødsbuet. Felleseigd andelskapital danna ved avsetning av overskotet i laget, kan ikkje utbetalast til medlemmene.
2. Låneinnskot utbetalast etter dei reglane styret til ei kvar tid fastset for dei ulike innskotsformene. Førehandsgarantert kjøpeutbytte og rabattar opptent i utmeldingsåret blir avrekna endeleg ved utmeldinga på grunnlag av den siste oppdateringa. Bare dei som er medlemmer på tidspunktet for vedtak om etterbetaling har krav på etterbetaling.
3. Tilbakebetaling av innskot skjer mot kvittering. Medlemmen er ikkje ansvarlig for andre sine urettvise uttak eller annan belastning om ikkje den som har føreteke disposisjonen har legitimert seg i samsvar med reglane i kontoavtalen, og belastninga har vore mulig som følgje av forsett eller grov aktløyse frå medlemmen, eller frå nokon som etter rammeavtalen har rett til å belaste kontoen.
4. Låneinnskot som har stått udisponert i 20 år etter at melding nemnt i § 6 nr. 3 er gitt og ikkje er blitt godskrive etterbetaling, kjøpeutbytte eller rabattar i laget sin rekneskap, eller i kontoutskrift tilstila medlemmen på sist kjende adresse, er forelda.
5. Renter som ikkje er godskrivne medlemmene i rekneskapen til laget, eller i kontoutskrift tilstila medlemmen på sist kjende adresse, blir forelda etter tre år.

§ 8 Stemmerett

1. Stemmerett har medlem som er myndig og har betalt andelsinnskotet.
2. Ingen kan røyste med meir enn ei stemme eller røyste etter fullmakt, utan etter heimel i § 8, nr 3.
3. Eit medlem har rett til å la ektefelle/registrert partner røyste for seg etter fullmakt. Det same gjeld sambuarar når begge har meldt felles adresse til folkeregisteret.
4. For tilsette sitt val av representantar til Styret og Årsmøtet gjeld fyljande: Alle som på valdagen er tilsett i foretaket har stemmerett. Tilsette i hovudstilling har ei røyst, tilsette i deltidsstilling (mindre enn 50 % arbeidsveke) har halv røyst.

§ 9 Valbarheit

1. Til tillitsverv kan berre veljast myndig person som er medlem i laget, har betalt heile andelsinnskotet sitt og har handla i eige lag for minst kr. 10.000,- dei siste seks månedane eller minst kr. 20.000,- dei siste tolv månedane. Kjøp gjort av ektefelle som sjølv er medlem er likestilt i denne samanheng med medlemmen sitt eige kjøp.
2. Begge ektefellar kan veljast til tillitsverv når begge er medlemmer og krava til valbarheit er til stades, men ektefellane kan ikkje samtidig vere medlem av same organ.
Ektefelle til tilsett i leiande stilling kan ikkje veljast som medlem av styret.
Dei reglane i denne paragrafen som gjeld ektefellar gjeld tilsvarande for sambuarar når desse har meldt felles adresse til folkeregisteret og for registrerte partnarar.
3. Til tillitsverv i laget sine organ eller valkomite(ar) kan ikkje veljast eit medlem som:
 - a) driv eller er tilsett i verksemd som er i betydeleg konkurranseforhold til Coop
 - b) har i betydeleg kontraktsforhold til Coop
 - c) er fast større leverandør til Coop

- d) har ektefelle, sambuar med felles adresse eller registrert partner som blir omfatta av punkta a-c ovanfor, punkt a omfattar også slektningar av vedkomande så nær i slekt som barn, foreldre og sysken, når desse eig eller har leiande stilling i den konkurrerande verksemda.
 - e) er tilsett i laget si teneste, utan at vedkomande er valt av dei tilsette, jfr. §§ 12 og 15.
 - f) er under konkurskarantene etter lov om gjeldsforhandling og konkurs §§142 og 143 eller er frådømt retten til å drive næringsverksemd
4. Ein tillitsvalt kan ikkje samtidig ha verv i fleire av laget sine organ, jfr. § 10. Unnateke herfrå er medlemmer av kretsutvala, desse kan samstundes ha verv i eitt av dei andre organa i laget.
 5. Det skal leggest vinn på å få til ein likeverdig representasjon av begge kjønn i alle valde organ i laget. For lag med meir enn 1000 medlemmer er det lovbestemt krav om at begge kjønn skal vere representert i styret, jf § 15.
 6. Oppstår det ein utestengingsgrunn etter denne paragrafen, eller er vedkomande utestengt frå laget etter § 4, nr 3, opphøyrer den tillitsvalde sin funksjon. Det er styret si oppgåve å konstatere at utestengingsgrunn har kome til.

Når særlege grunnar ligg føre har den tillitsvalde rett til å trekkje seg frå vervet sitt før funksjonstida er ute. I slike høve skal Styret og Årsmøte v/ordføraren i rimeleg tid på førehand ha melding om det.

7. Varamedlemmer blir valde i numerisk rekkefølge, om ikkje anna følgjer av særskilde valreglar.

§ 10 Laget sine organ

Lag med meir enn 1000 registrerte medlemmer eller meir enn ett utsal skal organisierast med kretsar/regionar og valde årsmøtere representantar.

1. Krets-/regioninndelte lag med valde årsmøtere representantar har følgjande organ:
 - a) Kretsårsmøte
 - b) Kretsutvala
 - c) Årsmøtet
 - d) Styret

Samvirke lag kan etablere regionråd som alternativ til kretsårsmøte og kretsutval jf. § 11B – regionråd blir ikkje sett på som eit eige organ.

2. Lag med ope Årsmøte (Årsmøte ope for alle medlemmer) har følgjande organ:
 - a) Årsmøte
 - b) Styret
3. Følgjande endringar (frå/til) i laget sin organisasjonsmåte kan gjennomførast etter vedtak med alminneleg fleirtal på årsmøtet til laget:
 - a) Organisering med kretsar eller regionråd
 - b) Tradisjonelt val eller elektronisk val/val i butikk

For dessa alternativa under skal dei respektive bestemmelsane i normalvedtektene gjelde.

§ 11 A For samvirke lag med kretsar (gjeld ikkje lag med regionråd)

1. Kretsinnendinga blir fastsett av Årsmøtet etter innstilling frå styret.
2. Ordinært kretsårsmøte
Kretsen skal kvart år halde kretsårsmøte innan 25. mars.
Kretsårsmøtet er ope for alle medlemmene i kretsen og skal gi medlemmene høve til å orientere seg om drifta til laget og til å fremje forslag i saker som vedkjem Coop Norge, jfr. §§ 2 og 3.

Kretsårsmøtet kan berre gjere vedtak i saker som er førte opp på saklista.

Forslag som ein ønskjer å fremje må sendast skriftleg til styret i laget innan 1. februar. Kretsårsmøtet blir innkalla av ordføraren for årsmøtet med åtte dagars varsel.

Sakliste for kretsårsmøtet skal følgje innkallinga.

Melding blir send samtidig til styret i laget som har rett til å delta i møtet. Kretsutvalet, saman med administrasjonen i laget, står for gjennomføringa av kretsårsmøtet. Representantar frå styret i samvirkelaget og administrasjonen skal vere tilstades.

Kretsårsmøtet blir leia av leiaren for kretsutvalet eller Ordføraren i årsmøtet og har følgjande sakliste:

- a) Val av møtesekretær
- b) Orientering om styret si årsmelding og årsrekneskap, og om butikkane i kretsen.
- c) Behandle kretsutvalet si årsmelding.
- d) Val av medlemmer til Årsmøtet i samsvar med § 14 nr. 2. (Kan i staden gjerast ved val i butikk/elektronisk val. Slik endring blir vedteke av Årsmøtet med alminneleg fleirtal for alle eller nokre av kretsane).
- e) Val av tre til fem medlemmer til kretsutval som blir valde for to år og to varamedlemmer som blir valde for to år. (Kan i staden gjerast ved val i butikk/elektronisk val. Slik endring blir vedteke av Årsmøtet med alminneleg fleirtal for alle eller nokre av kretsane).
- f) Leiar for kretsutvalet som blir vald ved særskilt val, kan ikkje vere tilsett i laget si teneste. (Ved val i butikk/elektronisk val konstituerer kretsutvalet seg sjølv).
- g) Forslag til vedtektsendringar som blir sende til styret. Styret fremjar innstilling til forslaget, og sender saka til Årsmøtet for avgjerd.
- h) Innsende forslag.
- i) Val av valkomité som skal ha tre medlemmer med to varamedlemmer dersom ikkje laget har felles valkomité jfr. § 13 nr. 3 bokstav a. Funksjonstida er to år. Leiaren blir vald det eine året og to medlemmer det neste. Valkomiteen i kretsen innstiller på alle val Kretsårsmøtet skal gjera. Valkomiteen innstiller også på nye medlemmer av valkomiteen.

Medlemmene i valkomiteen kan ikkje veljast oppatt for fleire enn tre valperiodar.

3. Ekstraordinært kretsårsmøte

Ekstraordinært kretsårsmøte blir kalla inn når styret eller Årsmøtet gjer vedtak om det, eller når minst 10 % av medlemmene i kretsen skriftleg krev det, for behandling av ei eller fleire særskilde nemnde saker. Krav om møtet blir sendt kretsutvalet som straks melder frå til Ordføraren i årsmøtet og styreleiaren. Møtet blir deretter å innkalle innan 14 dagar. Med innkallinga skal det følgje sakliste.

Det ekstraordinære kretsårsmøtet blir leia av leiaren i kretsutvalet eller Ordføraren i årsmøtet, og har følgjande sakliste:

- a) Val av møtesekretær.
- b) Den eller dei sakene som er oppførte på saklista.

4. Kretsutval

Kretsutvalet skal vere bindeledd mellom kretsen og styret i laget.

Det skal haldast minst to kretsutvalsmøte i året.

Kretsutvalet skal bidra til aktive medlemmer gjennom ulike tiltak retta mot medlemmene.

Kretsutvalet skal vidare følgje utviklinga på staden og halde leiinga i laget orientert om forhold som er viktige for kretsen.

Kretsutvalet skal gjere seg kjende med omsetningsoppgåver, budsjett og rekneskap.

Kretsutvalet skal vere aktiv med å teikne nye medlemmer til laget.

Kvart år skal kretsutvalet arrangere minst eit kretsmøte. Kretsmøtet skal bidra til å engasjere medlemmene og ta vare på interessene deira som forbrukarar. Representantar frå styret og administrasjonen i samvirke-laget bør vere tilstades.

Butikksjefen(-ane) i kretsen blir kalla inn. Det blir ført protokollar frå møta, som blir sende til styret i laget.

Instruksen for utvala blir vedteken av Årsmøtet etter innstilling frå styret.

§ 11 B Samvirkelag med regionråd (gjeld ikkje lag med kretsar)

1. Regionråda er sette saman av medlemmene og varamedlemmene i Årsmøtet (medlems- og tilsettevalde), fordelte på regionar fastsette av Årsmøtet etter innstilling frå styret.
2. Regionrådsmøta blir kalla inn med ni dagars varsel med vedlagd sakliste. Møta blir leia av Styreleiar eller den som møter i hans stad, og blir haldne like før Årsmøta.
Dagleg leiar eller den som møter i hans stad gjer greie for sakene i regionrådsmøta.
3. Regionrådet fungerer som eit debatt- og høyringsforum for organisatoriske saker og saker som har med drifta å gjere. Rådet drøftar:
 - a) omsetnings- og resultatutviklinga for laget totalt, og for butikknettet innan regionen
 - b) butikkstruktur, butikkprofil, butikkstandard, og vegval/prioriteringar
 - c) opplegg for eigarmøte/kundetreff innan regionen
 - d) sakliste for Årsmøtet
 - e) forslag til vedtektsendringar

§ 12 Årsmøte med valde representantar (Gjeld berre krets-/regioninndelte samvirkelag)

1. Årsmøtet har i alt 15-45 medlemmer. Av desse blir 10-30 valde av medlemmene og 5-15 høvesvis av og blant dei tilsette.
2. Etter forslag frå styret vedtek Årsmøtet kor mange medlemmer den enkelte krets/regionen skal velje. Fordelinga skjer i høve til talet på medlemmer i kvar krets/region. Kvar krets/region skal vere representert i Årsmøtet med minst ein medlem. Medlemmene vel minst to varamedlemmer for kvar av desse frå krets/regionen, dei tilsette vel minst tre varamedlemmer for to år om gongen.
Dei som blir valde som medlemmer av Årsmøtet fungerer frå og med første ordinære Årsmøte og i to år fram til konstituering av nytt Årsmøte. Kvart år går halvparten av medlemmene valt frå den enkelte krets/region ut, første gong etter loddtrekning, dersom ikkje laget har gjort vedtak om toårige periodar og val annankvart år for alle årsmøte-representantane.

3. Årsmøtet skal holdast minst to gonger kvart år. Ordinært årsmøte blir halde innan 10. april. I tillegg blir det halde eit haust-årsmøte, og elles ekstraordinære årsmøte når Ordføraren i årsmøtet, styret i laget, revisor, eller minst 10 % av representantane skriftleg forlangar det, for behandling av ei eller fleire særskilt oppgjevne saker.
Årsmøtet konstituerer seg på ordinært årsmøte. Det blir vald ordførar og varaordførar med ei funksjonstid på eitt, alternativt to år. Tilsette i laget kan ikkje veljast til desse verv.
4. Årsmøterepresentantane blir innkalla av Ordføraren i årsmøtet, eller av Styret. Møta blir kalla inn med minst ni dagars skriftleg varsel. Sakliste med sakspapir skal tilstilast medlemmene saman med innkallinga. I alle saker skal det ligge føre innstilling frå styret. I ekstraordinære tilfelle der krav til konfidensialitet etter styret si meining tilseier det, kan Årsmøtet kallast inn berre med utsending av sakliste, utan saksdokument. Innkalling og sakliste med sakspapir kan sendast dei valde representantane på oppgjevne e-postadresser når Årsmøtet har vedteke dette.
5. Medlemmer som ikkje kan møte skal straks melde frå til administrasjonen i laget som syter for at varamedlem blir innkalla.
6. Styret og medlemmer i valkomiteen deltek i Årsmøtet sine møte med tale- og forslagsrett, men utan stemmerett. Utover dette bestemmer Ordføraren i årsmøte kva personar som skal kallast inn til møta. Samvirkelaget stiller naudsynt sekretærbistand til disposisjon.
7. Årsmøtet er ikkje vedtaksført utan at over halvparten av medlemmene er til stades. For at eit vedtak skal vere gyldig må minst halvparten av dei møtande medlemmene vere einige. For val gjeld reglane i § 21. Etter at årsmøtet har vedteke å løyse opp laget i samsvar med § 29 nr. 1 gjeld ikkje noko minstekrav til frammøte for at årsmøtet skal vere vedtaksført. Dette gjeld bl.a. årsmøtet som skal godkjenne avviklingsrekneskapet i samsvar med samvirkelova.
8. Årsmøtet fastset forretningsorden og andre reglar for arbeidet sitt.

§ 13 Oppgåvene til årsmøtet (Gjeld alle samvirkelag)

§ 13, nr 1 og nr 2 gjeld for alle lag:

1. Gjennom Årsmøtet utøver medlemmene som medeigarar den øvste myndigheit i samvirkelaget. Årsmøtet skal på sjå for at laget blir leia og at føremålet blir fremma i samsvar med den alminnelege lovgivinga, vedtektene for laget, og elles avgjerdene i Årsmøta. Årsmøtet kan ikkje overprøve styrevedtak i enkeltsaker utover det som går fram av denne paragrafen.
2. Årsmøtet skal:
 - a) Sette opp liste over alle møtande representantar/medlemmer og godkjenne fullmaktene til representantane/medlemmene.
 - b) Godkjenne årsmelding og årsrekneskap og bestemme disponeringa av årsoverskotet. Revisjonsmeldinga skal refererast. Årsmøtet kan ikkje vedta høgare etterbetaling enn det styret har foreslått. Årsmelding og årsrekneskap skal leggest fram for Årsmøtet innan 10. april.
 - c) Fastsette godtgjersle til tillitsvalde etter forslag frå valkomiteen.
 - d) Godkjenne styret sitt forslag til retningslinjer for laget si langsiktige verksemd.
 - e) Vedta fusjon med anna lag, jfr. § 28.
 - f) Vedta vedtekter, jfr. § 28.
 - g) Velje styre og andre utval som Årsmøtet finn nødvendig, likevel med dei avgrensingar som følger av § 5, nr 6 og nr 8. Dei tilsettes representantar har ikkje forslagsrett ved val av medlemmer til styret og dei stemmer ved styreval berre på styreleiar og nestleiar, som blir valde ved særskilt val.
 - h) Fastsette reglar for val av dei tilsette sine medlemmer i styre og årsmøte med valde representantar.

- i) Velje valkomité med tre medlemmer og to varamedlemmer. Funksjonstida er to år med leiaren i komiteen på val det eine året, og dei to medlemmene det neste. Varamedlemmer blir valde for to år om gongen. Funksjonstida for det enkelte medlem i valkomitéen kan ikkje overstige åtte år samanhengande.
- j) Velje statsautorisert/registrert revisor når nyval er aktuelt og godkjenne revisorhonorar. Dette gjeld også for lag som ikkje er underlagt lovkrav om revisjon.

3. Tilleggsreglar for lag med valde årsmøterepresentantar:

- k) Orienterer om budsjett og godkjenner investeringar som etter styret si vurdering er av betydeleg omfang i høve til ressursane til laget.
- l) Årsmøtet skal bestemme talet på kretsar og grenser, jmf. § 11 A, nr. 1.
- m) I lag med regionråd skal Årsmøtet fastsette valinstruks for val i butikk/elektronisk val i samsvar med reglar utarbeidde av Coop Norge, og bestemme talet på regionar og grensene for desse jmf § 11 B nr 1.
- n) Årsmøtet kan vedta at det skal veljast ein valkomité som innstiller både på val i kretsane/regionane og i Årsmøtet. Valkomiteen kan i tilfelle utvidast med inntil ni representantar. Ein vel då ikkje valkomitear for dei einskilte kretsar/regionar.

§ 14 Ope Årsmøte (Gjeld berre samvirkelag med ope årsmøte)

- 1. Ordinært årsmøte blir halde innan 10. april og blir kalla inn av styret med 14 dagars varsel. Årsmøtet er ope for alle medlemmene i laget. Innkalling med sakliste blir sendt alle medlemmer med kjent adresse. Dersom innkallinga blir sendt utan vedlegg (årsrekneskap o.a.), må innkallinga opplyse om at dokumenta er tilgjengelege for dei medlemmene som ber om det, og kvar desse dokumenta kan hentast.

Årsmøtet vel møteleiar, sekretær og to til å underskrive protokollen.

Årsmøtet er vedtaksført når 20 røysteføre medlemmer møter. Er det ein gong innkalla til Årsmøte utan at det nødvendige talet på medlemmer møtte fram, gjeld det ikkje noko minstekrav til frammøte ved neste gongs innkalling så sant reglane om innkalling er følgde. Ved slik annan gongs innkalling skal Coop Norge i god tid ha særskilt skriftleg varsel om årsmøtet saman med kopi av innkallinga.

2. Ekstraordinært Årsmøte blir kalla inn når styret gjer vedtak om det eller når revisor eller minst 10 % av medlemmene skriftleg krev det for behandling av ei eller fleire særskilt oppgjevne saker. Reglane om innkalling og kunngjøring er dei same som for ordinære Årsmøte. Dette gjeld også for behandling av forslag om endringar i vedtektene for å bringe desse i samsvar med normalvedtektene. Andre endringar av vedtektene kan berre vedtas når reglane i § 27 er følgde. Ekstraordinært Årsmøte er vedtaksført når 20 røysteføre medlemmer møter. § 14 nr 1 to siste setningar gjeld tilsvarende. Ekstraordinært årsmøte kan, dersom krav om rask saksbehandling etter styret si meining tilseier det, kallast inn med minst ni dagars varsel.
3. Det ekstraordinære Årsmøtet skal behandle den eller dei sakene som står på saklista.
4. Etter at Årsmøtet har vedteke å oppløyse laget i samsvar med § 29 nr. 1 gjeld ikkje noko minstekrav til frammøte for at årsmøtet skal vera vedtaksført. Dette gjeld bl.a. Årsmøtet som skal godkjenne avviklingsrekneskapen i samsvar med samvirkelova.

**§ 15 Samansettinga av styret
For samvirkelag som har meir enn 200 tilsette,
eventuelt på konsernbasis, gjeld nr 1 til nr 4.**

1. Styret vel av åtte medlemmer.
2. Styreleiar og nestleiar blir valde av Årsmøtet ved særskilt val. Årsmøtet vel vidare tre medlemmer og tre vararepresentantar. Tre medlemmer og fem vararepresentantar blir valde av og blant dei tilsette.

3. Dersom laget har fleire enn 1000 medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre styremedlemmer, herav minst to medlemsvalde styremedlemmer, og minst ein styremedlem valt av og blant dei tilsette. Kravet om balansert kjønnsmessig representasjon gjeld også for medlemmene og dei tilsette sine val av varamedlemmer.
4. Styreleiaren og to styremedlemmer står på val det eine året og nestleiar og ein styremedlem det andre året. Medlemmene og varamedlemmene blir valde for to år. Dei tilsette sine medlemmer og varamedlemmer har ei funksjonstid på to år.

For samvirkeleg som gjennomsnittleg har hatt minst 30 tilsette i dei tre siste rekneskapsåra, gjeld nr 5 til nr 8.

5. Styret har sju medlemmer.
6. Styreleiar og nestleiar blir valde av Årsmøtet ved serskilt val. Årsmøtet vel vidare tre medlemmer med to vararepresentantar. To medlemmer og fire vararepresentantar blir valde av og blant dei tilsette.
7. Dersom laget har fleire enn 1000 medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre styremedlemmer, av desse er minst to valde av medlemmene, og minst ein styremedlem vald av og blant dei tilsette. Kravet om balansert kjønnsmessig representasjon gjeld også for medlemmene og dei tilsette sine val av varamedlemmer.
8. Styreleiar og to styremedlemmer står på val det eine året og nestleiar og ein styremedlem eit anna år. Medlemmene og varamedlemmene blir valde for to år. Dei tilsette sine medlemmer og varamedlemmer blir valde for to år.

For samvirkeleg som har hatt færre enn 30 tilsette dei tre siste rekneskapsåra gjeld nr 9 til nr 11.

9. Styret har fem medlemmer. Av desse vel Årsmøtet fire medlemmer med to varamedlemmer. Ein medlem og to varamedlemmer blir valde av og blant dei tilsette. Styreleiar og nestleiar blir valde av årsmøtet i særskilt val.

10. Styreleiar og ein styremedlem står på val det eine året og nestleiar og ein styremedlem det andre året. Medlemmene og varamedlemmene blir valde for to år. Dei tilsette sin medlem og varamedlem blir valde for to år.
11. Dersom laget har fleire enn 1000 medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to styremedlemmer. Kravet om balansert kjønnsmessig representasjon, gjeld også for medlemmene og dei tilsette sine val av varamedlemmer.

§ 16 Styret og styreleiaren

1. Styret held møte så ofte det er naudsynt, men minst seks gonger i året og elles når tre styremedlemmer krev det.
2. Styreleiaren kallar inn til møtet.
3. Styremøta blir i regelen haldne som fysiske møte, men kan om styreleiaren finn det tenleg og forsvarleg, haldast ved sirkulasjon av dokument eller som telefon-/videokonferanse. Årsmelding og årsrekneskap må alltid behandlast i fysisk styremøte. Styremedlemmer og dagleg leiar kan alltid krevje at møte blir halde som fysisk møte.
4. Styret er vedtaksført når fleire enn halvparten av styremedlemmene er til stades. For at eit vedtak skal vere gyldig, må fleire enn halvparten av styremedlemmene vere einige. Ved val og tilsettingar er den valt eller tilsett som får flest stemmer. Styret kan på førehand bestemme at det skal haldast ny avstemming om ingen får fleirtal. Ved likt stemmetal gjeld det som styreleiaren, eller den som er møteleiar i hans stad, har stemt for.

Medlemmene i styret er ansvarlege for eit kvart vedtak om ikkje usemje er protokollført.

5. Styreleiaren, nestleiar og dagleg leiar, to av desse i fellesskap forpliktar laget med sine underskrifter. Styret kan tildele prokura.

6. Styreleiaren skal følge verksemda og arbeide for utviklinga av verksemda. Styreleiaren skal sjå til at styret løyser oppgåvene sine i samsvar med §17. Daglig leiar førebur og skal syte for behandling av aktuelle saker som høyrer inn under styret og at alle vedtak blir gjennomførte.

§ 17 Styret sitt ansvar

Styret skal:

- a) Syte for tilfredsstillande organisering av verksemda. I det ligg også tilsetjing og oppseiing av dagleg leiar og å fastsette dagleg leiar sine løns- og arbeidsvilkår og ein instruks for stillinga. Styret utarbeider retningslinjer for andre tilsetjingar og oppseiingar og behandlar tariff-avtalar for leiande personale i samvirkelaget. Ved tilsetjing av daglig leiar skal laget rådføre seg med Coop Norge.
- b) Stå for forvaltninga av verksemda til laget med jamt tilsyn av drifta til laget, behandle drifts- og finansrekneskap og sjå til at laget har tilfredsstillande intern kontroll.
- c) Sjå til at bokføringa og formuesforvaltninga er i samsvar med gjeldande lover og med retningslinjer fastsette av Coop Norge. Styret skal syte for at årsmelding og årsrekneskap blir utarbeidd til rett tid.
- d) For lag som har årsmøte med valde representantar: Legge fram for årsmøtet betydelege investeringar, jfr. § 13, nr 3, bokstav k. I lag med ope årsmøte ligg slike avgjerder til styret som gjer vedtak med bindande verknad.
- e) Avgjøre om laget skal stille garantiar, ta del i andre selskap og kjøp og sal av fast eigedom, og nedlegging av avdelingar og bedrifter.
For samvirkeleg med kjøpeutbytte skal styret godkjenne å førehandsgarantere kjøpeutbytte. Styret kan maksimalt førehandsgarantere kjøpeutbytte med 1 % dersom eigenkapitalen i laget er lågare enn 20 %.
- f) Godkjenne budsjett og planar for laget si framtidige verksemd.
- g) Godkjenne avtalar av større økonomisk betydning eller av prinsipiell karakter.

- h) Vedta planar for opplæring og rekruttering av personalet. Vedta planar for opplæring og rekruttering av laget sine tillitsvalde og for opplysningsverksemda i laget. Eventuelt gjere vedtak om at det skal utpeikast medlemsråd som blir knytt til enkelte/alle butikkar og vedta instruks for råd(-a). Administrasjonen sine forslag til medlemmer av medlemsrådet ("medlemskontaktar") blir godkjente av styret.
- i) Fremje saker for Årsmøtet og sjå til at Årsmøtet sine vedtak blir sette i verk.
- j) Styret har ansvar for å hjelpe kretsutvala på best mulig måte, i dette ligg å stille økonomiske midlar til disposisjon slik at utvala kan utføre funksjonen sin.
- k) Styret skal vidare syte for at valkomité(-ane) i samvirkelaget blir kalla inn til møte og kjem i gang med arbeidet sitt. Valkomiteen(-ane) innstiller til vala.
- l) Styret behandlar innkallingar til Coop Haustkonferanse og føretek påmelding slik at laget blir representert på ein formålstenleg måte.
- m) Velje årsmøterepresentant(ar) og vararepresentantar til Årsmøtet Coop Norge i samsvar med valreglane i vedtekter for Coop Norge SA.
- n) Behandle saker som ikkje høyrer inn under andre organ og sjå til at laget blir leia i samsvar med lover og vedtekter. Syte for at laget ivaretar sine plikter til Coop Norge i samsvar med § 5.
- o) Syte for at laget med jamne mellomrom tar føre seg lagsstrukturen i regionen og vurderer om fusjon med andre lag kan være tenleg og til fordel for medlemmene. Styret pliktar å syte for at alle spørsmål frå andre lag om mulig fusjon får ei grundig behandling.

- p) Dersom årsresultatet, fråtrekt etterbetaling, er negativt (underskot), skal styret i årsmeldinga gjere greie for korleis underskotet skal dekkast. Dersom den bokførte eller verdijusterte eigenkapitalen i laget er mindre enn 20 % av totalkapitalen, pliktar styret omgåande å sette i verk tiltak som kan betre drifta i laget. Styret pliktar med dette å gjera greie for fusjonsalternativ på(ekstraordinært) årsmøte og eventuelt fremje forslag for Årsmøtet om fusjon med eit anna lag. Det same pliktar styret å gjere dersom laget har innført Coop medlemskort og resultatata ikkje er tilstrekkeleg til å oppfylle forpliktingane om etterbetaling/kjøpeutbytte og/eller der det er risiko for tap av betydelege balanseverdier. Denne regelen medfører ingen avgrensing i styret sine plikter etter norsk lov når det gjeld forholdet til fordringshavarar.
- q) Dersom låneinnskota er større enn 75 % av totalkapitalen i laget, skal det overskytande settast inn på sperra konto i Coop Norge. Etter søknad til styret i Garantifondet kan beløpet fristillast for investeringar i anleggsmidlar.

§ 18 Dagleg leiar sitt ansvar

Daglig leiar står for den daglege leiinga i samsvar med vedtektene og instruksen som er godkjende av styret. Dagleg leiar er ansvarleg for gjennomføringa av styret sine vedtak. Dagleg leiar er også ansvarleg for alle arbeidsoppgåver som ikkje er tillagt Årsmøtet og styret etter §§ 13 og 17 og for oppgåver som styret har delegert.

Dagleg leiar har rett og plikt til å delta i styremøta.

Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, orientere styret om verksemda, stillinga og resultatutviklinga til føretaket.

§ 19 Revisor

Alle lag skal ha statsautorisert eller registrert revisor. Dette gjeld også for lag som ikkje har revisjonsplikt etter revisorlova.

§ 20 Årsmelding og årsrekneskap

1. Styret er ansvarleg for at det etter slutten av kvart kalenderår blir utarbeidd årsmelding og årsrekneskap i samsvar med gjeldande lovgiving og laget sine vedtekter.
2. Årsrekneskapen skal utarbeidast i samsvar med god rekneskapskikk og Coop Norges reglar for rekneskapsavslutning o.l. i samvirkelaga.
3. Årsresultatet blir nytta etter nærare avgjerd i styret til følgjande avsetningar:
 - a) Etterbetaling jf samvirkelova
 - b) Etterbetalingsfond jf samvirkelova
 - c) Renter av andelsinnskot
 - d) Annan eigenkapital.
4. Etterbetalingsfondet kan nyttast til utbetaling av etterbetaling ut over det som kan disponerast til etterbetaling av årsresultatet. Oppbygginga av etterbetalingsfondet skal halde fram til fondet har ein storleik på minst to gonger etterbetaling det siste året. Samvirkelag kan maksimalt vedta etterbetaling på 1 % dersom eigenkapitalen i laget er lågare enn 20 %.

Utdeling frå etterbetalingsfond skjer med utgangspunkt i kjøpet til medlemmene det siste kalenderåret.

5. Etterbetaling og kjøpeutbytte blir godskrive medlemmene sine konti påfølgjande år med validering frå 1. januar. Styret kan bestemme at enkelte varer, blir selde på ein bestemt måte, eller frå bestemte avdelingar, heilt eller delvis, ikkje skal ha etterbetaling/kjøpeutbytte. Medlemmene skal gjerast merksame på dette på førehand.

Utbetaling av etterbetaling kan ikkje gjerast før Årsmøtet har godkjent årsrekneskapen og etterbetalinga.

6. Renter av andelsinnskot kan bare godkjennast dersom årsresultatet er høgare enn summen av etterbetaling og renter av andelsinnskot. Renter av andelsinnskot blir godskriven medlemmene sine konti etter årsmøtet påfølgjande år med validering frå 1. januar.
7. Samvirkelag kan yte konsernbidrag til føretak som inngår i samvirkelagskonsernet, til Coop Norge og til samvirkelag som er medlem av Coop Norge.

§ 21 Protokollføring og avstemmingsreglar

1. I alle møte blir det ført protokoll av ein valt sekretær. Når ikkje anna er vedteke blir protokollen for Årsmøtet underskriven av ordførar og varaordførar. Alle deltakande medlemmer av styret og kretsutvala skriv under protokollane sine.

For Opent Årsmøte, blir det valt to av dei møtande medlemmene til å underskrive protokollen.

2. Ved val og andre avgjerder blir det nytta open avstemming (handsopprekking) dersom det ikkje er vedteke skriftleg avstemming.
3. For at eit val skal vere gyldig må det ha meir enn halvparten av røystene. Ved likt røystetal skal det haldast omval og deretter, om nødvendig loddtrekking.
4. Møteleiaren skal sjå til at dei medlemmene som deltek i val og andre avgjersler dokumenterar at dei er røysteføre.
5. Dersom dagleg leiar møter med fullmektig, har denne dei same rettar og plikter som dagleg leiar.

§ 22 Inhabilitet

Medlemmer av styret, kontrollkomiteen, valde årsmøtereferentantar og daglege leiar i verksemda må ikkje delta i handsaminga eller avgjerda av noko spørsmål som har betydning for vedkommande sjølv eller nærstående, når medlemmen har personleg eller økonomisk særinteresse av betydning i saka.

§ 23 Teieplikt

1. Tillitsvalde i laget pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til det vedkommande i høve med vervet sitt får vite om:
 - a) personlege tilhøve, eller
 - b) drifts- eller forretningsforhold og dei tekniske innretningar og framgangsmåtar som det vil vere av konkurransemessig betydning å halde hemmeleg av omsyn til laget. Alle tillitsvalde pliktar å underteikne stadfesting om teieplikt som tek omsyn til reglane ovanfor.

2. Teieplikta gjeld ikkje for opplysningar som tillitsvalde i laget pliktar å gi etter reglar i lov eller forskrift, når tillitsvald gir forklaring for påtalemakta eller domstol, eller når laget samtykker i at teieplikta ikkje skal gjelde.
3. Teieplikta gjeld også etter at vedkommande har slutta i vervet sitt. Vedkommande kan heller ikkje utnytte opplysningar som nemnt i denne paragrafen i eiga verksemd eller i teneste eller arbeid for andre.

§ 24 Plassering av midlane til laget

Den delen av laget sine midlar som ikkje blir nytta i verksemda, skal plasserast i Coop Norge til konkurransedyktig rente.

§ 25 Klager

Klager over pris og kvalitet, kundebehandling, manglande service eller andre forhold, skal sendast til administrasjonen i laget. Klagen må vere underteikna og adressa opplyst. Administrasjon i laget pliktar å gi klagaren svar. Dersom klagaren ikkje finn dette tilfredsstillande, kan saka krevjast lagd fram for styret.

§ 26 Skiltsdom (voldgift)

1. Alle tvistar mellom Coop Norge og samvirkeleg skal ein først prøve å løyse gjennom forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører fram skal tvisten løysast ved skiltsdom (voldgift) i samsvar med lov om voldgift.
2. Tolking av desse vedtektene og tvistar mellom laget og ein medlem om korleis vedtektene skal skjønast kan ikkje bringast inn til prøving for dei ordinære domstolane. Slike tvistar blir avgjort av ein skiltsdomsrett på tre medlemmer. Ordførar i Årsmøtet Coop Norge utnemner leiaren i skiltsdomsretten, som helst bør vere jurist. Styret i laget og vedkommande medlem som er part i tvisten, oppnemner ein medlem kvar.
3. Ein tvist må bringast inn for leiaren i skiltsdomsretten innan ein månad rekna frå det tidspunktet då vedkommande medlem fekk skriftleg melding om laget sitt standpunkt.
4. Skiltsdomsretten avgjer tvisten med endeleg verknad for partane.

§ 27 Vedtektsendringar

1. Etter at normalvedtektene er vedtekne av Årsmøtet Coop Norge, pliktar laga å ta vedtektene sine opp til revisjon og behandle dei i Årsmøtet. Forslag om endringar i vedtektene for å bringe desse i samsvar med normalvedtektene treng ikkje å leggast fram for kretsane/regionane før vedtak i Årsmøtet. Etter behandling i Årsmøtet skal laget sine vedtekter straks meldast inn til Styret Coop Norge som må godkjenne vedtektene. Sjå også § 5, nr 3, bokstav g.
2. Andre forslag til endringar av vedtektene skal sendast styret innan 1. januar. Styret seier si meining om forslaget skriftleg og sender forslaget om vedtektsendringar til kretsane/regionane.
3. Kretsane/regionane seier si meining om dei forslaga som blir lagt fram på kretsårsmøta/regionrådsmøta. Det som kretsane/regionane har å seie om saka blir lagt fram for styret som kjem med si innstilling til Årsmøtet.
4. Årsmøtet får det kretsane/regionane har uttalt og innstillinga frå styret. Årsmøtet avgjer deretter forslaget. For at vedtaket skal vere gyldig må det ha minst 2/3 fleirtal av røystene (kvalifisert fleirtal).
5. Nærare omtalte organisasjonsendringar kan gjennomførast etter vedtak på årsmøtet med støtte frå eit fleirtal av dei avjevne røystene, jf. § 10, nr. 3.

§ 28 Fusjon

1. Laget kan vedta å fusjonere med eit anna eksisterande eller stiftande lag i samsvar med reglane i Samvirkelova om fusjon. Sjå elles § 17, bokstav o og p.
2. Vedtak om fusjon skjer ved at Årsmøtet godkjenner ein fusjonsplan med minst 2/3 av røystene (kvalifisert fleirtal).
3. Fusjon med anna samvirkeleg er ikkje å oppfatte som oppløysning etter § 30.

4. Dersom den bokførte eller verdijusterte egenkapitalen i laget er mindre enn 20 % av balansesummen, skal Årsmøtet instruere styret om å greie ut mogleghetene for fusjon med eit anna samvirkeleg og eventuelt fremje forslag om fusjon for årsmøtet.

§ 29 Oppløysing

1. Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal av røystene (kvalifisert fleirtal) vedta å oppløyse laget. Kretsårsmøta skal uttale seg om spørsmålet. Når laget er vedteke oppløyst, skal årsmøtet velje eit avviklingsstyre på tre medlemmer som kjem i staden for styret og dagleg leiar. Dersom det er meir enn 30 tilsette i laget, har dei tilsette rett til ein av plassane i avviklingsstyret. Etter at Årsmøtet har godkjent avviklingsregnskapen, blir laget sine midlar utover andelskapitalen å overføre til særskilt konto i Coop Norge for å nyttast som grunnfond for eit nytt samvirkeleg eller for avdeling av anna lag på staden.
2. Er eit nytt lag eller slik avdeling ikkje stifta innan ti år, skal midlane etter samråd med vedkommande kommunestyre nyttast til allmennyttige eller velferds føremål.
3. I særlege tilhøve kan Styret i Coop Norge avgjera at midlane nyttast som her bestemt før ti år er gått.

Vedlegg

Valreglar – val i butikk/elektronisk val

Vedteke av Årsmøtet Coop Norge 2013 med endring i 2016.

Medlemmer i kretsen/regionen stemmer ved personleg frammøte i butikk, eller ved elektronisk stemmegiving. Medlemmer dokumenterer medlemskapet sitt når dei skal stemme.

Valet blir forhandsvarsla for medlemmene ved oppslag i butikk med minst tre månaders varsel. Forhandsvarselet skal gi medlemmene ein frist på ein månad for å koma med forslag på kandidatar, og skal oppgi korleis og til kven forslag på kandidatar skal fremmast.

Avviklinga av valet skal kunngjerast for medlemmene med minst ei veker forvarsel og på forsvarleg vis.

Valkomitéen fremjar innstilling som blir lagt til grunn for utforming av stemmesetelen. Valkomitéen bør i samband med nominasjonsprosessen grundig vurdere kvalifikasjonar og om vedkomande eignar seg. Det skal tas omsyn til kjønn, alder, geografisk tilknytning og vedtektene til laget. Valkomitéen har eit serleg ansvar for å fremje likestilling når det skal utførast val.

Stemmesetelen skal innehalde innstillinga frå valkomitéen på kandidatar som er foreslått som Representantar og – vararepresentantar. Talet på kandidatar som blir foreslått skal minst omfatte to fleire enn talet på kandidatar som skal veljast.

Stemmesetelen skal bare omfatte kandidatar som er valføre, og som på forhånd har sagt at dei vil akseptere vervet. Stemmesetelen skal gi ein kort presentasjon av alle kandidatane.

Stemmesetelen skal vere utforma på ein klar og eintydig måte. Valkomitéen kan velje å kumulere inntil halvparten av talet på faste representantar til Årsmøtet som skal veljast frå den respektive regionen/kretsen.

Stemmesetelen utformast slik at medlemmene får høve til å kumulere og eventuelt stryke kandidatar. Dei som får flest stemmer (inkl. kumulasjonsstemmer) er valde. Stemmesetelen skal vere utforma slik at medlemmer i

regionen/kretsen skal kunne foreslå nye kandidatar, som alternativ kandidat på stemmesetelen og/eller kandidatforslag til valet neste år.

Kandidaten(-e) med flest stemmer blir fast(-e) representant(-ar) og dei påfyljande blir vararepresentantar.

Styret oppnemner ein valansvarleg som på vegne av styret sørger for tilrettelegging og gjennomføring av valet, også teljekorps.

Revisor skal bekrefte at valet er gjennomført korrekt og i samsvar med gjeldande reglar.

Notater:

Notater:

SAMVIRKE- PRINSIPPA

1. Frivillig og ope medlemskap
2. Demokratisk medlemskontroll
3. Medlemmet si økonomiske deltaking
4. Sjølvstyrt og ubunden
5. Utdanning, opplæring og informasjon
6. Samvirke mellom samvirke
7. Samfunnsansvar





Coop Norge SA
P.b. 21 Haugenstua
0915 Oslo
Tlf: 22 89 95 95
www.coop.no